

UBUNTU

Ho tok i mot handa som vart strekt fram da ho opna døra og gjekk over dørterskelen.

- Velkomen!

Ho var ny i bygda og skulle finne vegen vidare i livet. Ho vart møtt av ei hand og eit smil.

- Det er plass ved bordet vårt.

Ei anna hand. Enda eit smil. Mange hender. Mange smil. Ho strekte fram handa si og ga mange smil tilbake.

Praten gjekk rundt bordet. Frå den eine til den andre. Til ho og frå ho. Prat om kven dei og ho er. Kvifor ho og dei var der. Prat om det dei alle kunne dele.

Ubuntu

Afrikansk fellesskap, solidaritet, nærleik. Sørafrikanske filosofar og teologar seier det slik: ”Eg *er*, fordi *vi* er, og fordi *vi* er, er *eg*.” Det handlar om å vere den du er saman med andre. Det handlar om å høyre til i eit fellesskap. Om å *få* høyre til. Om å *ville* høyre til. ”Jeg er mine relasjonar”, lærte ho ein gong.

Dei ho møtte *hadde* ubuntu. Dei var rause og gjestfrie. Ho fekk bli ein av dei. Og ho *ville* bli ein av dei.

Ho gjekk glad heim under ein stjerneklar himmel. Avtaler om meir fellesskap – ubuntu - var gjort. Ho kjente at ho kom til å trivast i denne bygda.

Ubuntu!

Ingrid Grene Henriksen